

TIL Meland Kommune

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR TIL PROSJEKTRKESKAP FOR STYRKING AV HELSESTASJONS- OG SKOLEHELSETJENESTEN, MELAND KOMMUNE

Konklusjon

Vi har revidert Meland Kommune sin prosjektrekneskap for styrking av helsestasjons- og skolehelsetjenesten som viser sum utgifter på kr 139 582.

Etter vår meining er prosjektrekneskapen i det alt vesentlege utarbeidd i samsvar med tilsagn frå Helsedirektoratet datert 28.06.2016.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har innfridd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Leiinga sitt ansvar for oppstillinga

Leiinga er ansvarlig for å utarbeide kompensasjonsoppgåva i samsvar med lov om kompensasjon av merverdiavgift for kommuner, fylkeskommuner og tilhørende forskrift, og for slik intern kontroll som leiinga finn nødvendig for å kunne utarbeide ei oppstilling som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av kompensasjonsoppgåva

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at prosjektrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom den, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tek basert på kompensasjonsoppgåva.

Som del av en revisjon i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg medrekna ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i prosjektrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkelig og formålstenlege som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, feil presentasjonar eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er føremålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunens interne kontroll.


Vi kommuniserer med leiinga blant anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheter av betydning i den interne kontrollen.

Avgrensa distribusjon

Prosjektrekneskapen er utarbeidd for å oppfylle Helsedirektoratets krav til rapportering. Som et resultat av dette er ikkje vår melding til prosjektrekneskapen nødvendigvis eigna til andre føremål. Vår uttale er meint for kommunen og Helsedirektoratet.

Isdalstø, 27.03.2017

Nordhordland Revisjon IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef